

Naustdal kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 16.03.2015

Møtetid:

Kl. 08:30 –

Møtestad: Naustdal kommunehus,
møterom nord

	Faste medleamar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Randi Elvebakk Reiakvam, leiar	X		
2	Elin Schei Stuhaug, nestleiar	X		
3	John Bendiksen	X		
4	Øystein Garfors	X		
5	Inge Kalland	X		
	Varamedleamar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Ellinor Friis			
2	Alv Skaflestad			
3	Erlend Haugen Herstad			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim			
	KRYSS Revisjon ved Kari Sygna (sak 11, 13 og 14) og Charles Litsheim (sak 15)			
	Rådmann Øyvind Bang-Olsen (sak 11, 13, 14 og deler av 15)			
	Sak 13 og 14 vart handsama før sak 11.			

Sak nr.	Sakstittel
011/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/15	Skriv og meldingar 16.3.15
013/15	Tilsyn fosterheimsbarn i Naustdal kommune
014/15	Prosjektrekneskap - fleire investeringsprosjekt (utsett sak)
015/15	Rapport frå forvaltningsrevisjon: Gjennomgang av pleie og omsorg
016/15	Oppfølgingsliste 2 - 2015
017/15	Eventuelt

Underskrifter:

Randi Elvebakk Reiakvam, leiar

Elin Schei Stuhaug, nestleiar

John Bendiksen

Øystein Garfors

Inge Kalland

Arnar Helgheim,
SEKOM-sekretariat

011/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Samrøystes som tilrådinga.

NAU-011/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

...

012/15: Skriv og meldingar 16.3.15

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Deltaking på FKT-konferanse 3. og 4. juni:

- Øystein Garfors (avheng av avklaring om tid).
- John Bendiksen.

Melder seg på og ordnar reise sjølv.

NAU-012/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

...

013/15: Tilsyn fosterheimsbarn i Naustdal kommune

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Framlegg frå Randi Elvebakk Reiakvam:

Saka vert teken opp på neste møte.

Framlegg frå Randi Elvebakk Reiakvam vart samrøyssets vedteke.

NAU-013/15 Vedtak:

Saka vert teken opp på neste møte.

...

014/15: Prosjektrekneskap - fleire investeringsprosjekt (utsett sak)

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet har ikkje merknad til dei framlagde prosjektrekneskapane.

Utvalet viser til følgjande frå KRYSS Revisjon:

- Brev av 29.12.14 om framlegging av prosjektrekneskap
- Revisjonsuttale av 6.1.15 om Gardsbøen trinn 1 og 2
- Revisjonsuttale av 8.1.15 om Vevring skule, rehabilitering og Ombygging kommunehuset

...

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Orientering ved rådmann Øyvind Bang-Olsen.

Tilleggsframlegg i møtet:

Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmannen på avklaringar knytt til VVS-entreprenør Norgeshus Naustdal bygg AS for Gardsbøen bufellesskap. Utvalet konstaterer at

det ikkje ligg føre tinglyst skøyte for tomt til Naustdal idrettsbarnehage, gbnr 99/504. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding om oppfølging av dette.

Samrøystes som tilrådinga med tilleggsframlegg.

NAU-014/15 Vedtak:

Kontrollutvalet har ikkje merknad til dei framlagde prosjektrekneskapane. Utvalet viser til følgjande frå KRYSS Revisjon:

- Brev av 29.12.14 om framlegging av prosjektrekneskap
- Revisjonsuttale av 6.1.15 om Gardsbøen trinn 1 og 2
- Revisjonsuttale av 8.1.15 om Vevring skule, rehabilitering og Ombygging kommunehuset

Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmannen på avklaringar knytt til VVS-entreprenør Norgeshus Naustdal bygg AS for Gardsbøen bufellesskap. Utvalet konstaterer at det ikkje ligg føre tinglyst skøyte for tomt til Naustdal idrettsbarnehage, gbnr 99/504. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding om oppfølging av dette.

...

015/15: Rapport frå forvaltningsrevisjon: Gjennomgang av pleie og omsorg

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Rapport datert 5.3.15, frå forvaltningsrevisjon om Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.
2. Rådmannen går gjennom reglement og rutinar for økonomistyring for å sikre at desse er oppdaterte.

...

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Frovaltningsrevisor Charles Litsheim gjekk gjennom rapporten.

Tilleggsframlegg frå Inge Kalland til punkt 2: «.... er oppdaterte og vert etterlevd».

Samrøystes som tilrådinga med tilleggsframlegg

NAU-015/15 Vedtak:

1. Rapport datert 5.3.15, frå forvaltningsrevisjon om Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.
2. Rådmannen går gjennom reglement og rutinar for økonomistyring for å sikre at desse er oppdaterte og vert etterlevd.

...

016/15: Oppfølgingsliste 2 - 2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Utvalet ønskjer ny orientering om tilsyn ved Naustdal barne og ungdomsskule hausten 2015.

Samrøystes som tilrådinga.

NAU-016/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

...

017/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Naustdal kontrollutval 16.03.2015:

Øystein Garfors fekk permisjon frå handsaming av denne saka.

Tinging av undersøking knytt til sjukefråvere i omsorgssektoren (oppfølging av forvaltningsrevisjon):

- Utvalet ber om ein gjennomgang av eit utval sjukemelde med fokus på om tiltaka i dokumentet «Oppfølging av sjukemelde» vert etterlevd og dokumentert. Frist for levering: 1.9.15.

Utvalet ønskjer å ha neste møte på Naustdal alders- og sjukeheim.

NAU-017/15 Vedtak:

...

